

**Teknisk utval - delegert sak 104/00****GREBSTAD BIL AS / HYDRO TEXACO STASJONEN.  
TAK OVER DRIVSTOFFPUMPER, OPPRUSTING UTEOMRÅDE. DISPENSASJON  
FOR AVSTAND TIL KOMMUNEVEGEN.****Saksutgreiing**

Søknaden omfattar utviding av tak til også å gjelde drivstoffpumper nærast kommunevegen; utviding av takareal er 6,0 x 6,0 m. Taket skal berast av eksisterande tak og ny søyle mellom pumpene. Uteområde skal opprustast med nytt asfaltdekke og kantstein, justering av fallforhold og nye sluk med sandfang. Kantstein skal plasserast 1,5 m frå asfaltkant kommuneveg. Grøft mellom kantstein og kommuneveg skal gjerast djupare og tilsåast. Det skal vidare etablerast sluk med sandfang i grøft.

Det vert søkt om dispensasjon for avstand til kommuneveg :

- for asfaltering og kantstein inntil 1,5 m frå asfaltkant
- for bygging av tak over drivstoffpumper inntil 8,6 m frå senter veg

Tynes Consult v/ Dagfinn Tynes er ansvarleg søkjar og prosjekterande. Det er ikkje opplyst kven som vert ansvarleg for utføring.

Tiltaket er nabovarsla og det har ikkje kome merknader.

**Vurdering**

Det vart halde førehandskonferanse 3.05.00 der det vart orientert om tiltaket.

Det er ikkje godkjent reguleringsplan for området, men kommunedelplan Aursnes-Tynes er det vist vidareføring av gangveg frå Vik skule sørover mot Tynes. Plansjefen har i brev av 28.06.00 vurdert tiltaket. Arealbehovet er minimum 1,5 m grøft mot kommuneveg og 3,0 m gangveg. Dette samsvarar med søknad. Taket som får ei høgd om lag 4,5 m ligg utanfor gangvegen.

Det skal ikkje utførast nye tiltak innanfor gangvegtrase som gjer seinare etablering av gangveg vanskeleg.

Etter at uteområde er fullført vil skiltmast stå inne på det asfalterte område og midt i framtidig gangvegtrase. Bygningssjefen ber om at det vert vurdert å flytte HydroTexaco-skilt til nytt tak og fjerne eksisterande skiltmast.

I følgje veglova § 30 må det innhentast særskilt løyve for tiltak innanfor byggegrenser gitt i veglova § 29.



**Vedtak :**

1. Det vert gitt løyve i medhald av plan- og bygningslova § 93 til :
  - a. bygging av tak over drivstoffpumper inntil 8,6 m frå senter kommuneveg
  - b. for asfaltering og kantstein inntil 1,5 m frå kant kommuneveg
2. Det skal ikkje utførast nye tiltak innanfor gangvegtrase som gjer seinare etablering av gangveg vanskeleg.
3. Tynes Consult vert godkjent som ansvarleg søkjar, ansvarleg prosjekterande, ansvarleg samordnar samt ansvarleg kontrollerande for utføring.
4. Før arbeidet vert igangsett skal ansvarleg utførande vere godkjent.
5. Ein ber om at det vert vurdert å flytte HydroTexaco-skilt til nytt tak og fjerne eksisterande skiltmast.

Vedtaket er gjort i medhald av delegasjonsreglementet § 3 pkt 13b.

Dette vedtak kan påklagast jfr. Forvaltningslova § 28. Klageorganet er Fylkesmannen i M&R. Ei eventuell klage skal vere skriftleg, stilast Fylkesmannen i M&R, Fylkeshuset, 5400 Molde. Klage skal sendast Sykkylven kommune, teknisk avdeling, 6230 Sykkylven innan 3 veker etter at melding om vedtaket er motteke.

Oddmund Grebstad  
bygningssjef

Alle dokument vert sendt ansvarleg søkjar for vidare distribusjon.

Vedlegg A1

Sykkylven kommune  
Teknisk utval  
6230 SYKKYLVEN

**GREBSTAD BIL AS(HYDRO TEXACO STASJONEN) GR. 18 BR. 96  
SØKNAD OM DISPENSASJON FOR AVSTAND TIL VEG FOR  
ASFALTERING AV UTEOMRÅDET OG TAK OVER DRIVSTOFFPUMPER**

**Tiltak**

Uteområdet ved stasjonen skal rustast opp.

I det høve skal det byggast tak over drivstoffpumper, leggjast nytt asfaltdekke med kantstein, korrigere grunnivå for å betre avrenning mot sluk og leggjast ned nye sluk med sandfang. Grøfta mellom kantsteinen og vegen blir reinska og gjort djupare for jamt fall mot sluk. Grøfta blir sådd med gras.

**Dispensasjonssøknad**

Det vert med dette søkt om dispensasjon for avstand frå veg for fylgjande to punkter:

1

Teikning TC001-C.

Asfaltere fram til 1,7 meter frå asfaltkant veg. Asfalten vert avslutta med 0,2 meter brei kantstein i same plan som asfalten. Kantsteinen blir lagt på betongpute 1,5 meter frå asfaltkant veg.

2


Teikning TC001-C og TC002.

Tak over drivstoffpumper plassert på ei søyle som står mellom drivstoffpumpene. Taket vil ha ein avstand på 8,6 meter frå midten av vegen.

**Grunnlag for dispensasjon**

Grebstad Bil AS får nytte arealet som er avsett til gangveg til gangvegen eventuelt skal knytast saman med gangvegen på Tynes. Kommunen har då ferdig opparbeidd gangveg over området.

Med helsing



Dagfinn Tynes

